



NATURVERNFORBUNDET HORDALAND
Jakobsfjorden 4. etg. Bryggen 23
5003 BERGEN

Vår dato:

16.04.2020

Vår ref:

2020/1224

Dykkar dato:

15.01.2020

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

Avslag på søknad om tilskot til trua naturtypar 2020 – Fjerning av sitkagran på Rapeneset i Alver

Vi viser til søknaden dykker om 200.000 kroner til fjerning av sitkagran på Rapeneset.

Fylkesmannen si vurdering og vedtak

Det er ønskeleg å få fjerna sitkagrana som var planta på Rapeneset. Dette kjem òg fram av skjøtselsplanen som er utarbeidd for området. Det er og flott at Naturvernforbundet ønsker å følgje opp dette med dugnadsarbeid og annan innsats. Vi skulle derfor svært gjerne ha gitt økonomisk støtte til prosjektet.

Det er likevel slik at budsjettet som Fylkesmannen i Vestland har for tilskot til truga naturtypar i 2020 diverre er avgrensa, og vi har ikkje tilstrekkeleg med midlar til å stette alle dei gode søkerne vi får. Når det er avgrensa med midlar på denne tilskotsposten skal vi prioritere å gje midlar til aktive tiltak for å ta vare på veldokumenterte lokalitetar med trua naturtypar. Vi ser at det å fjerne gran frå plantefelt nær kystlyngheilokaliten er tiltak som nok vil vere positivt for lyngheiene i nærlieken. Vi må likevel, med dei midlane vi har til rådvelde i år, prioritere mindre kostnadskrevjande aktive skjøtselstiltak direkte i trua naturtypar når det gjeld denne tilskotsposten.

Fylkesmannen har derimot midlar til eigne tiltak mot framande artar, som vi har fått til disposisjon frå Miljødirektoratet etter søknad om midlar til konkrete planlagde tiltak. Det kan vere mogleg å omdisponere noko midlar frå denne potten til dei omsøkte tiltaka på Rapeneset, sjølv om dette prosjektet ikkje ligg inne i budsjettet vårt. Ta gjerne kontakt med Olav Overvoll (fmhooov@fylkesmannen.no / tlf: 55 57 23 15) for meir informasjon om dette.

Rett til å klage på vedtaket

Vedtaket om tilskot kan klagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal sendast via Fylkesmannen i Vestland.



Til slutt, til alle som har søkt tilskot til truga naturtypar: Endra føresetnader som følgje av koronasituasjonen

For nokon av dykk kan føresetnadene for å gjennomføre tiltak ha endra seg som følgje av koronasituasjonen. Nokon kan t.d. ha planlagt med tilreisande arbeidshjelp som no har vorte usikker eller umogleg. I slike tilfelle vil vi gjerne vite om det, slik at vi kan freiste å finne alternativ, eller – om det ikkje er mogleg – at midlane kan omdisponerast til andre tiltak det er søkt om.

Like aktuelt kan det vere at ein får betre tid og kapasitet til å gjere skjøtselstiltak på eigen gard som følgje av permittering, reisehindringar etc. Vi vil gjerne også få tilbakemelding frå dykk om udekte behov, slik at vi eventuelt kan omfordеле ubrukte midlar. Dette kan vere tiltak som de allereie har søkt om, men ikkje fått innvilga, eller det kan vere skjøtselstiltak eller innkjøp som de no vurderer som aktuelle.

Med helsing

Johannes Anonby
Seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi på epost til:
Alver kommune Havnevegen 41 A 5918 FREKHAUG